

Systrene Nilsen med pubkveldar

25.09.2012



**Sjølv om sommaren er over, er ikkje sesongen for Systrene Nilsen til ende. Det skjer stadig noko ved sjøkanten og no kan Gunnhild Nilsen Hillestad mælda at det vert pubkveldar dei siste laurdagane i månadene framover - først på laurdagen som kjem.**

Den 23. og 24. november vert det eit spesielt opplegg, for då vil Elin Enes lokka med tapas!

- Denne retten har verkeleg vind i segla også i Noreg og vi ventar oss mykje av denne helga, seier Gunnhild. Det vert eit spennande alternativ til eit tradisjonelt julebord.

Ho er full av ros til Elin for det gode samarbeidet som er etablert mellom henne og Systrene Nilsen

Dei har hatt fleire vellukka arrangement saman i den seinare tid.

Elin er oppteken av god kvalitet og gode råvarer og det passar oss bra, understrekar Gunnhild

Av Ola Matti Mathisen



Godt samarbeid mellom Elin og Systrene